



Vindafjord KrF 2019-2023

**MED ❤ FOR
VINDAFJORD**

INFORMASJON

Saman for eit varmare lokalsamfunn



Gustav er 55 år og bur i Ølensvåg. Han er gift og har fem born og 12 barnebarn. Er rektor på Lundeneset vgs. Har vore med i kommunepolitikken i 8 år og vore leiar i utval for oppvekst og omsorg. Han har vore med i fylkespolitikken og har mellom anna sete 8 år i fylkesrådet for funksjonshemma og vore leiar i Rogaland fylke sitt trafikktryggleikssutval i 4 år.

Gustav Løge Fosse

1. KANDIDAT OG ORDFØRERKANDIDAT FOR VINDAFJORD KRF

Alder: **55 år** Yrke: **Rektor** Bustad: **Ølensvåg**

Valfridom til familiane og at foreldre blir styrkte i foreldrerolla. Vi må nytta alle kvalitetane med våre bygder til å støtta opp om kvarandre og bidra til ein god og trygg oppvekst for våre born og unge. Trygge lokalsamfunn for born, unge og eldre krev at vi må fortsetja å leggja til rette for gang- og sykkelvegar i tettstadane våre og langs trafikkerte vegar som bitt bygdene saman. Dette vil også fremja folkehelsa.

KrF vil vera med på å leggja til rette for verdiskaping og utvikling i vårt næringsliv slik at vi kan vera med på å skape framtidssretta arbeidsplassar. Det er viktig at kommunen og næringslivet har god dialog som grunnlag for å utvikla våre gode lokalsamfunn der vi legg til rette for nyetableringar både i nye bedrifter og i eksisterande. Tilrettelagde næringsområde og god infrastruktur er viktige faktorar for at vi kan lukkast.

Vi i KrF vil også vera med på å leggja til rette for aktiv og meiningsfull kvardag for dei som treng det mest og som dett utanfor det ordinære arbeidslivet.

VAL 2019



Karin Mesecke Koltveit

2. KANDIDAT

Yrke: Sosionom

Alder: 77 år

Bustad: Øvre Vats

Eldre

Vi vil arbeida for å gi eldre ein meiningsfull kvardag med fokus på det som gir livskvalitet, slik at dei kan få mobilisera eigne ressursar. Vi treng trygge og tilrettelagde lokalsamfunn der ein kan få bu heime lengst mogleg. Det er også viktig med gode møteplassar slik at vi kan førebyggja einsemd og passivitet.

Miljø

Vera ein tydeleg pådrivar i arbeidet med å vera ein miljømedviten kommune som aktivt arbeidar mot å nå FN sine bærekraftmål. Vi må arbeida for å bli mest mogleg plastfrie.

Håkon Brekkå

3. KANDIDAT

Yrke: Student/kontormedarbeidar

Alder: 21 år

Bustad: Ølensvåg



Distrikt

Leggja til rette for gode lokalsamfunn med gode rammer for å bu, veksa opp og arbeida.

Landbruk

Sikra eit variert og mangfaldig landbruk. Leggja til rette for ei arealforvaltning som fremjar norsk matproduksjon både på land og i sjø og opprettheld jordvernet.

Miljø

Arbeida for meir bruk av fornybar energi og at vi lokalt også tek vårt ansvar for å sikra klima og miljø. Vi treng å ta vare på skaparverket samt å forvalta alt vi har fått på ein klok måte som sikrar barn og unge ei god framtid.

VAL 2019



Me skal stille opp for
andre – ikkje minst
for dei som treng det
mest

MØT KANDIDATANE VÅRE PÅ 4.-14. PLASS!



4. Leon Dyngeland
1970
Ølensvåg
Avdelingsleder



5. Sigbjørn Mortveit
1960
Skjold
Telekommunikasjonsmontør



6. Ruth Fosse Fjellteit
1987
Ølensvåg
Vernepleier



7. Harald Eintveit
1951
Vikedal
Pensjonert sokneprest



8. Gunnstein Koch
1981
Ølensvåg
Økonomisjef



9. Morten Stene
1995
Ølen
Student



10. Håvard Brekkå
1970
Ølensvåg
Diakoni- og fritidsleiar/lærar



11. Asle Dagsland
1974
Skjold
Eig og driv Dagsland miljø/bonde



12. Steinar Skartland
1958
Vikebygd
Markedssjef



13. Eivind Hetland
1961
Ølensvåg
Formann



14. Jan Sverre Frønsdal
1970
Ølensvåg
Kvalitetsrevisor



VAL 2019



Vindafjord KrF sitt verdigrunnlag

KrF byggjer sin politikk på eit kristent verdigrunnlag og har si forankring i det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret. Det gode samfunn vert skapt i eit samspeil mellom det einskilde menneske, offentlege myndigheter og privat og frivillig verksemd.

KrF sitt verdigrunnlag er henta frå Bibelen, den kristne kulturarven og grunnleggjande menneskerettar.

Vår visjon er at

Vindafjord skal vera ein god kommune for alle generasjonar, med levande bygder der folk vil trivast og bu.

Då treng vi lokale arbeidsplassar, tomter, lokal butikk og kommunikasjonar. Vi treng møteplassar for alle aldersgrupper og trygge vegar til skule, fritidsaktivitetar og arbeidsplassar. For å skapa gode samfunn treng vi tilrettelegging for frivillig engasjement og initiativ i samspeil med kommunen. Dette er viktig for å sikra rekrutteringa til bygdene og for å ta vare på kultur og tradisjonar.

Stikkord her er:

- Levande bygder med folk og trivsel
- Attraktive bumingjø
- Godt førebyggjande arbeid
- Kvalitet i skule og barnehage
- Lokalt næringsliv og arbeidsplassar

VAL 2019

Utdrag frå programmet vårt

Familieliv, skule og oppvekstvilkår

KrF vil byggja opp om og styrka familien som den viktigaste arena for gode oppvekstvilkår, verdiformidling, sosial læring og omsorg for borna. Trivsel i barnehage og skule med tidleg innsats, gjev trygge unge.

Kultur og folkeliv

Vindafjord kommune er ein sentral aktør for kulturlivet i regionen. Med mange frivillige er me ein betydeleg leverandør av livskvalitet og gode bumiljø for innbyggjarane. KrF ønskjer ein politikk som synleggjer og sikrar gode vilkår for frivillig arbeid, engasjement og lokale kulturuttrykk.

Kyrkja- og kristenliv

KrF ønskjer å leggja til rette for kyrkje og kristenliv som ein viktig kulturberar i kommunen vår.

Helse og omsorg

KrF ønskjer å fremja trygge livsvilkår for alle og leggja til rette for at folk kan ta vare på ei god helse. Vindafjord skal vera ein turkommune.

Edruskapspolitikk

KrF ønskjer ein aktiv politikk for å motverka skadeverknadene som alkohol- og narkotikamisbruk fører til. Ulykker og vold følger i alkoholen sine spor og alkohol er årsak til mange store helse- og sosiale problem.

Næringsverksemd, landbruk og miljø

KrF ønskjer styrka tilrettelegging for næringsverksemd og arbeidsplassar som grunnlag for busetnad og vekst i kommunen.

Kommunikasjon og samferdsel

KrF meiner at gode vegar, kommunikasjnar og digital tilgang er viktig for busetnad, arbeidsplassar og trivsel.

Utvikling, drift og økonomi

KrF meiner at ei langsigtig og god økonomistyring er viktig for å ha naudsynleg handlingsrom i kommuneøkonomien. Vi ønskjer ikkje aktiv privatisering av kommunale tenester.



VAL 2019

Difor bør du røysta KrF

Ja til livet – heile livet

Alle menneske har uendelig verdi frå unnfanging til naturleg død. Difor seier vi ja til betre hjelp og støtte for gravide. Vi seier ja til betre omsorg og lindring i livets siste fase og nei til aktiv dødshjelp.

Vi vil styrkja familiene, ikkje styre dei

Trygge familiar gir trygge barn.

KrF vil leggja til rette for sterkare og tryggare familiar som har valfridom og fleksibilitet til å velja løysingar som er best for seg og sine barn.

Ja til både kontantstøtte og gode barnehagar!

Ein verdig alderdom og respekt for eldre

KrF vil ha eit seniorvenleg samfunn med god eldreomsorg og auka bemanning på sjukeheimane for å sikra tid til kvar einskild.

Vi heier på frivilligheita

Utan frivilligkeit og dugnad stoppar Norge! KrF vil auke gavefrådraget for frivillige organisasjonar, og vi vil gi fullt momsfritak for frivilligheita. Ideelle aktørar i rusomsorga må sikrast gode vilkår.

Ein skule der alle blir sett

KrF vil ha fleire lærarar som kan sjå og hjelpe kvar einskild elev. Vi vil at lærarar skal bruke mindre tid på byråkrati og meir på god undervisning. Vi vil kjemps mot mobbing. Skulen skal hjelpe foreldra med å gi gode haldningar og verdiar til elevane. Vi treng eit verdiløft i skulen!

Du kan lesa heile programmet på www.krf.no/vindafjord

 www.facebook.com/vindafjordkrf